

---

**Fra:** Sissel-Anny <sahjelm@online.no>  
**Sendt:** 30. august 2017 11:42  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** VS: skilting sykkelveg Lindås kommune

---

**Fra:** Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]  
**Sendt:** 30. august 2017 11:36  
**Til:** 'post@lindas.kommune.no'; 'kjetil.eikefet@lindas.kommune.no'; 'ordforar@lindas.kommune.no'; 'oivind.stang@lindas.kommune.no'  
**Kopi:** 'avisa@strilen.no'; 'avisa@nordhordland.no'  
**Emne:** skilting sykkelveg Lindås kommune

Hei

Etter at eg tilfeldig ein kveld møtte to fortvila syklistar frå Holland inne ved tunnelane ved Vatne i Seim, som ikkje forstod korleis dei kunne koma seg vidare til ferjeleiet Leirvåg-Sløvåg på Fv57, har eg tenkt på at eg måtte spela denne utfordringa vidare til Lindås kommune. Dei to syklistane, far og son, frå Holland hadde kome til Flesland med fly for så å sykla frå Bergen til Trondheim i ferien. Frå Knarvik sykla dei Fv 57, men i Seim sa det bom stopp, pga av tunnelar dei ikkje har lov å sykla gjennom. Dei ville ta ytre leia forbi Isdal, Seim, Lindås og vidare til Leirvåg.

Eg hjelpte dei sjølvsgåt både med overnatting og sykling dagen etter gjennom den gamle Førebergtunnelen og vidare til Leirvåg.

No framfor sykkelVM tenkjer eg at skiltinga må verta betre for syklistar som no og i framtida vil ta denne traseen, og det trur eg mange vil. I mi tid har eg hatt mange syklistar som gjester i Seim gjestehus. Alle ville dei sykla på andre vegar enn riksvegar i ferien. Desse to syklistane hadde flaks som møtte meg. Eg la merke til fortvilninga deira der eg kom køyrande opp mot Vatnekrysset, er god i engelsk og kjent i kommunen, og fekk difor hjelpt dei.

Eg vonar de hiv dykk rundt og får opp sykkelskilt snarast på strekninga Knarvik – Leirvåg.  
Lukke til!

Venleg helsing  
Sissel-Anny Hjelmtveit